



DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT

St.prp. nr. 26

(2005–2006)

Endringer av løyvingar i 2005 på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område

*Tilråding frå Fiskeri- og kystdepartementet av 25. november 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Endringer av løyvingar i 2005 på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område

Kap. 1020 Havforskningsinstituttet

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Pga. eit vesentleg høgare aktivitetsnivå på oppdragsverksemda enn det som vart lagt til grunn ved fastsetjinga av budsjettet for 2005, fremjast det av omsyn til prinsippet om realistisk budsjettering forslag om å auke både inntekts- og utgiftssida med 65 mill. kroner. Det inneber at løyvinga på kap. 1020 post 21 Spesielle driftsutgifter og kap. 4020 post 03 Oppdragsinntekter aukar med 65 mill. kroner.

Kap. 1021 Drift av forskningsfartøylene

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Pga. eit vesentleg høgare aktivitetsnivå på oppdragsverksemda enn det som vart lagt til grunn ved fastsetjinga av budsjettet for 2005, fremjast det av omsyn til prinsippet om realistisk budsjettering forslag om å auke både inntekts- og utgiftssida med 40 mill. kroner. Det inneber at løyvinga på kap. 1021 post 21 Spesielle driftsutgifter og kap. 4021 post 01 Oppdragsinntekter aukast med 40 mill. kroner.

Kap. 1023 Fiskeri-, havbruks- og transportrettet FoU

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Pga. eit vesentleg høgare aktivitetsnivå på oppdragsverksemda enn det som vart lagt til grunn ved fastsetjinga av budsjettet for 2005, fremjast det av omsyn til prinsippet om realistisk budsjettering forslag om å auke både inntekts- og utgiftssida med 30 mill. kroner. Det inneber at løyvinga på kap. 1023 post 21 Spesielle driftsutgifter og kap. 4023 post 01 Inntekter aukast med 30 mill. kroner.

Kap. 1062 Kystverket

Post 01 Driftsutgifter

I løyvinga på kap. 1062 post 01 er det for 2005 lagt til grunn ei avsetjing til husleigekostnader knytt til Kystdirektoratet sine gamle kontorlokale i Rådhusgaten i Oslo for første halvår 2005. Dette var basert på at det skulle lukkast å få avvikla leigekontrakten frå og med 1. juli 2005.

I forhandlingar med ny eigar av lokala har det lukkast å kome til semje om å få avvikla leigekontrakten, men først frå og med november 2005. Dette inneber at det er behov for ei auka løyving på 1,7 mill. kroner for å dekkje husleige for perioden juli - november 2005.

Det fremjast derfor forslag om ei auke i løyvinga på kap. 1062 post 01 på 1,7 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til aksjonar mot akutt ureining. I tilfelle av akutt ureining kan det raskt bli behov for midlar til aksjonar som staten sett i gang, eller for garantiar for kommunar som sett i gong aksjonar med vesentlege utgifter, og som sjølv ikkje er i stand til å dekkje utgiftene før erstatningsbeløpet er innbetalt.

Den ordinære løyvinga på posten vil medgå i heilskap til mindre aksjonar osb. i 2005. I tillegg er det utløynt garantiar for om lag 2 mill. kroner, av dette éin større aksjon i Ål kommune på 1,778 mill. kroner. Det vil derfor vere behov for ei auka løyving i 2005 på 2 mill. kroner på posten. Saka i Ål kommune er politietterforska utan at nokon er funne som kan gjerast ansvarlig for utslippet.

På bakgrunn av dette fremjast det forslag om at løyvinga på kap. 1062 post 21 aukar med 2 mill. kroner i 2005.

Kap. 4020 Havforskningsinstituttet*Post 03 Oppdragsinntekter*

Pga. eit vesentleg høgare aktivitetsnivå på oppdragsverksemda enn det som vart lagt til grunn ved fastsetjinga av budsjettet for 2005, fremjast det av omsyn til prinsippet om realistisk budsjettering forslag om å auke både inntekts- og utgiftssida med 65 mill. kroner. Det inneber at løyvinga på kap. 1020 post 21 Spesielle driftsutgifter og kap. 4020 post 03 Oppdragsinntekter aukar med 65 mill. kroner.

Kap. 4021 Drift av forskningsfartøyene*Post 01 Oppdragsinntekter*

Pga. eit vesentleg høgare aktivitetsnivå på oppdragsverksemda enn det som vart lagt til grunn ved fastsetjinga av budsjettet for 2005, fremjast det av omsyn til prinsippet om realistisk budsjettering forslag om å auke både inntekts- og utgiftssida med 40 mill. kroner. Det inneber at løyvinga på kap. 1021 post 21 Spesielle driftsutgifter og kap. 4021 post 01 Oppdragsinntekter aukast med 40 mill. kroner.

Kap. 4023 Fiskeri-, havbruks- og transportrettet FoU*Post 01 Inntekter*

Pga. eit vesentleg høgare aktivitetsnivå på oppdragsverksemda enn det som vart lagt til grunn

ved fastsetjinga av budsjettet for 2005, fremjast det av omsyn til prinsippet om realistisk budsjettering forslag om å auke både inntekts- og utgiftssida med 30 mill. kroner. Det inneber at løyvinga på kap. 1023 post 21 Spesielle driftsutgifter og kap. 4023 post 01 Inntekter aukast med 30 mill. kroner.

Kap. 4062 Kystverket*Post 01 Gebyrinntekter*

Som følge av lønskompensasjonen for 2005 er det behov for å auke løyvinga på kap. 4062 post 01 med 4,66 mill. kroner. Det fremjast derfor forslag om at løyvinga på kap. 4062 post 01 aukast med 4,66 mill. kroner i 2005.

2 Orienteringssak til Stortinget

Utgreiing av samer og andres rett til fiske i havet utanfor Finnmark

I samband med behandlinga av Lov om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressurser i Finnmark (finnmarksloven) vedtok Stortinget den 6. juni 2005 dette (jf. vedtak nr. 420 (2004-2005)):

«Stortinget ber Regjeringen snarest mulig foreta en utredning av samer og andres rett til fiske i havet utenfor Finnmark, herunder minimumskvote for båter under ti meter, og fremme en oppfølgende sak om dette for Stortinget (jf. Innst. O. nr 80).»

Fiskeri- og kystdepartementet har starta arbeidet med oppfølging av vedtaket. Departementet har drøfta framdrift og oppfølgingsform med andre involverte departement. På same måten er Sameetinget, jf. den avtalte konsultasjonsordninga, og Finnmark fylkeskommune kontakta i samband med oppfølging av vedtaket.

Fiskeri- og kystdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar av løyvingar i 2005 på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar av løyvingar i 2005 på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar av løyvingar i 2005 på Fiskeri- og kystdepartementet sitt område

I

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1020		Havforskningsinstituttet	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med fra kr 134 930 000 til kr 199 930 000	65 000 000
1021		Drift av forskningsfartøyene	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med fra kr 82 500 000 til kr 122 500 000	40 000 000
1023		Fiskeri-, havbruks- og transportrettet FoU	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med fra kr 9 100 000 til kr 39 100 000	30 000 000
1062		Kystverket	
	1	Driftsutgifter, blir auka med fra kr 839 195 000 til kr 840 895 000	1 700 000
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med fra kr 6 510 000 til kr 8 510 000	2 000 000
4020		Havforskningsinstituttet	
	3	Oppdragsinntekter, blir auka med fra kr 164 930 000 til kr 229 930 000	65 000 000
4021		Drift av forskningsfartøyene	
	1	Oppdragsinntekter, blir auka med fra kr 82 500 000 til kr 122 500 000	40 000 000
4023		Fiskeri-, havbruks- og transportrettet FoU	
	1	Inntekter, blir auka med fra kr 9 100 000 til kr 39 100 000	30 000 000
4062		Kystverket	
	1	Gebyrinntekter, blir auka med fra kr 535 390 000 til kr 540 050 000	4 660 000

